

Budsjett 2024

Økonomiplan 2024-27



*Satsing på vidaregåande skule, Fagskulen
Vestland, psykisk helse, fylkesveg og kollektiv*



Fremskrittspartiet

1. Premissar

Fremskrittspartiet legg med dette fram alternativt Budsjett 2024 / Økonomiplan 2024-27 for Vestland fylkeskommune. Budsjettframlegget tek utgangspunkt framlegg frå fylkesdirektøren til Finansutvalet sitt møte 15.11.23. Der FrP har endringsframlegg vert dette kommentert nærare under.

2. Overordna perspektiv

Prisstigning, auka rentenivå og auka kostnader knytt til nullutsleppsteknologi i kollektivsektoren utfordra no økonomien til Vestland fylkeskommune. Fylkesdirektøren har lagt fram eit driftsbudsjett med store kutt i tenesteproduksjonen, spesielt innan opplæring, kollektiv og fylkesveg. I tillegg er ei rekkje investeringsprosjekt på fylkesveg og vidaregåande skular utsett for å redusera låneopptak og dermed kapitalkostnadane.

FrP legg med dette fram ei *alternativ* saldering av utfordringane. I fylkesdirektøren sitt framlegg til budsjett overfører ein 635 mill kr frå driftsbudsjettet til investeringsbudsjettet i 2024, og tilsvarande 685 mill kr for kvart av åra 2025-27. I realiteten går drifta til Vestland fylkeskommune altså med eit overskot på over 600 mill kr pr. år.

FrP vel difor å redusera overføringa frå drift til investering med 188 mill kr i 2024, aukande til 285 mill kr i 2027. Slik unngår vi vesentlege kutt i vidaregåande skule, fagskulen, kollektivtilbod og fylkesvegvedlikehald. I tillegg finn vi rom for reduserte billettprisar for hurtigbåt og auka satsing på reasfaltering av fylkesveg.

FrP aukar også investeringsramma for fylkesveg med 1,3 mrd kr pr i økonomiplanperioden, slik at alle vegprosjekt som låg inne i vedtatt Økonomiplan 2023-26 kan realiserast.

3. Driftsbudsjett

FrP sine omprioriteringar i driftsbudsjettet i høve budsjettframlegget frå fylkesdirektøren kjem fram av tabell 1. Nokre tiltak med fokus på budsjettåret 2024 er kommentert nærare under tabellen. Konsekvensar av tiltaka for økonomiplanperioden er vist i tabellen.

Område	2024	2025	2026	2027
Opplæring og kompetanse				
Økt ramme videregående opplæring - reversere kutt	42 500	65 000	57 300	57 300
Fagskolen Vestlandet - reversere kutt	7 500	15 100	22 700	22 700
Tiltakspakke psykisk helse / selvmordforebygging	5 000	5 000	5 000	5 000
Utstyr yrkesfag (evt. overført investeringsbudsjett)	25 000	25 000	10 000	10 000
Mobilitet og kollektiv				
Reklame i kollektivsektoren	- 30 000	- 50 000	- 50 000	- 50 000
Lavere billettpris hurtigbåt - kompensere ny prisstrategi	35 000	35 000	35 000	35 000
Opprettholde Sunnhordlandsruta	12 000	12 000	12 000	12 000
Opprettholde fergesamband Utne-Kinsarvik	19 000	19 000	19 000	19 000
Turistrute Hardanger (ta vekk 2 mnd)	3 000	3 000	3 000	3 000
Delvis reversering av busskutt	10 000	10 000	10 000	10 000
Krokeide - Hufthamar - ekstra rundtur sein kveld	10 000	10 000	10 000	10 000
Infrastruktur og veg				
Økt reasfaltering fylkesvei / fylkesveivedlikehold	50 000	50 000	50 000	50 000
Kultur og folkehelse				
Tilskudd Sentralbadet scenekunsthuss	- 5 000	- 5 000	- 5 000	- 5 000
Søkbart pott til barne og ungdomsaktiviteter - pga "dyrtid"	5 000	5 000	5 000	5 000
Økt driftstilskudd Vestkystparken og friluftsrådene	3 000	3 000	3 000	3 000
Avvikle distrikts- og fylkesmusikkarrordninga	- 4 000	- 8 000	- 8 000	- 8 000
Generelt				
Redusert overføring fra drift til investering	- 188 000	- 210 100	- 227 000	- 285 000
Økt rente- og avdragskostnad pga økt låneopptak		16 000	37 000	59 000
Rente- og avdragseffekt pga økt investeringsramme vei		-	11 000	47 000
Sum endring	-	-	-	-

Tabell 1 – Endringer i driftsbudsjettet (mill kr)

På **Opplæring og kompetanse** reverserer FrP kutta på 42,5 mill kr til vidaregåande skule, samt kuttet på 7,5 mill kr til Fagskulen i Vestland. I tillegg set vi av 25 mill kr til kjøp utstyr til dei vidaregåande skulane, primært retta mot yrkesfag.

I tillegg set vi av 5 mill kr til satsing på psykisk helse og sjølvmodsførebygging retta mot ungdommen vår. Midlane kan også nyttast i arbeidet med redusert fråfall i vidaregåande skule. I dette arbeidet ynskjer FrP at Vestland fylkeskommune skal samarbeida med private aktørar som Pit Stop, Dale Oen Experiance, ROS og liknande organisasjonar.

På **Mobilitet og kollektiv** opprettheld FrP fergeruta Utne-Kinsarvik, Sunnhordlandsruta og turistruta i Hardanger. For turistruta legg vi opp til noko redusert driftstid vår og haust i tråd med innspel frå regionen.

I tillegg legg vi inn 35 mill kr for å halda nede prisane på dei lengste hurtifbåtsambanda som følgje av ny prisstrategi for hurtigbåt. Vi utvidar også fergetilbodet Krokeide-Hufthamar med ein ekstra rundtur pr dag på sein kveldstid.

Deler av tiltaka er finansiert gjennom å opna opp for reklame i kollektivsektoren, sjå eige verbalforslag.

FrP stor fylkesdirektøren i framlegget om å utsetja krav om nullutslepp for hurtigbåt, rutepakke 1. FrPs prioritet i hurtigbåttilbodet er frekvens, kortast mogeleg reisetid og lågast mogeleg billettprisar for dei reisande.

På **Infrastruktur og veg** aukar FrP budsjettet for reasfaltering av fylkesveg med 50 mill kr pr år for å ta att deler av etterslepet på fylkesvegvedlikehald. Med fylkesdirektøren sitt framlegg til budsjett for dekkelegging vil det ta 70 år før alle fylkesvegar er reasfalterte.

På **Kultur, idrett og folkehelse** fjernar FrP tilskot til Sentralbadet scenekunsthuss, og vi gjer framlegg om å avvikla ordninga med fylkesmusikarar og lønstilskot til distriktsmusikarar. FrP ynskjer gradvis å vri VLFK si kultursatsing over frå vaksne til barn og unge, og set av eit søkbar pott til organisasjonar med barne- og ungdomstilbod. Dette er spesielt viktig i den dyrtida vi opplever no. I tillegg styrkjar vi tilskota til Vestkysparken og friluftsråda som legg til rette for gratis friluftslivstilbod i fylket.

3.1 Saldering

FrP salderer budsjettet gjennom redusert overføring frå drift til investering med 188 mill kr i 2024, aukande til 285 mill kr i 2027. Som følgje av dette aukar låneopptaka tilsvarande, og det er lagt inn auke i rente- og avdragskostnadane for å kompensera dette, sjå tabell 1.

Det er tilsvarande lagt inn auka rente- og avdragskostnader knytt til utvida investeringsramme på 1,3 mrd kr til fylkesveg i økonomiplanperioden 2024-27.

Finanskostnader knytt til lånefinansierte investeringar er i oppsettet sett til 9 mill kr i rente- og avdragskostnad pr 100 mill kr i låneopptak (ca 5% rente).

4 Investeringsbudsjett

FrP gjer framlegg om å auka investeringsramma til fylkesveg med 1,3 mrd kr i økonomiplanperioden 2024-27. Dette gjer rom for å realisera alle fylkesvegprosjektet som låg inne i vedteken Økonomiplan 2023-26, man som fylkesdirektøren hadde tatt ut av framlegget til Økonomiplan 2024-27. Sjå tabell 2 for detaljert oppstilling av vegprosjekta.

Når arbeidet med kunnskapsgrunnlag for tilbudsstrukturen i den vidaregåande skulen er avslutta i 2024, og ein dermed får avklart framtidig investeringsbehov i opplæringssektoren, vil FrP komma attende og vurdere om investeringsrammene for fylkesveg kan aukast ytterlegare.

Investeringsprosjekt	2024	2025	2026	2027
Fylkeshuset Leikanger - rehabilitering	- 152 200	- 19 200		
Ferjeavløysing Masfjordbrua	-	-	-	5 200
Fv. 5184 Grimstadvegen	-	8 400	62 400	104 000
Fv. 560 Hammarsland - Eide	5 000	5 200	60 000	140 000
Fv. 55 Høyhem - Nes	-	5 000	20 400	93 200
Fv. 57 Strandanes - Holmeli	5 000	15 200	55 400	59 500
Fv. 611 Sæle–Engebø	-	-	-	2 600
Fv. 570 Risnes bru (Masfjorden)	-	1 100	3 200	10 400
Fv. 571 Mollandseid - ny	1 600	5 200	26 000	26 000
Fv. 550 Eitrheimstunnelen	5 800	85 500	63 400	50 000
Fv 5402 Ringheimsvegen g/s	-	2 400	48 500	43 300
Fv. 271 Sjukehusvegen	-	7 000	10 900	86 600
Fv. 49 Egne hjem	-	-	13 200	25 600
Fv. 5704 Brandsøyvegen	-	5 200	15 600	-
Fv. 615 Sandane - Fitje G/S	-	-	5 500	43 300
Fv 49 Tokagjelet	-	5 000	10 000	50 000
Bybanen - byggetrinn 5	- 251 000			
Sum	- 385 800	126 000	394 500	739 700

Tabell 2 – Endringar investeringsbudsjett (mill kr)

For investeringar i vidaregåande skule syner vil til det pågåande arbeidet med kunnskapsgrunnlag for framtidig tilbodsstruktur i fylket. Når dette arbeidet er ferdigstilt i 2024 vil det danne grunnlag for prioritering av framtidige utbyggingsprosjekt i vidaregåande skule. FrP vil imidlertid allereie no trekkja fram behovet for å styrkja yrkesfagtilbodet i Bergensregionen.

For ny Sotra VGS vil FrP også utgreia ein OPS-modell for raskare realisering av prosjektet, sjå verbalforslag under.

FrP foreslår også å stoppa vidare planlegging av Bybanen byggetrinn 5 til Åsane, og tek dermed ut 251 mill kr til vidare planarbeid for dette byggetrinnet i 2024. Dette er midlar finansiert gjennom bompengar, og vi veit allereie no at økonomien i Bypakke Bergen er pressa pga. fall i bompenginntektene. FrP syner også til ny byrådsplattform i Bergen kommune, der ein skal utgreia tunnelalternativet for bybane til Åsane, og meiner at det i ein slik situasjon ikkje er riktig at bilistane skal finansiere vidare planlegging for trasealternativet over Bryggen.

5 Verbalforslag

Nedanfor følgjer verbalforslag som FrP ynskjer separat votering over under handsaminga av Budsjett 2024 / Økonomiplan 2024-27 i fylkestinget.

5.1 Delvis reklamefinansier kollektivtilbod

I den økonomiske situasjonen Vestland fylkeskommune er i må ein vurderer heile sitt inntekspotensiale, - også potensiale for inntekter frå reklame i buss-, bane-, båt- og ferjetilbodet. Tidlegare utgreiingar i Hordaland har vist at fylkeskommunen kan henta fleire

titalsmillionar kroner i nye inntekter på eit slikt tiltak. Auka inntekter vil styrkja det samla kollektivtilbodet i fylket.

Framlegg til vedtak:

Fylkestinget ber fylkesrådmannen fremja ei politisk sak om inntektpotensialet knytt til reklame i kollektivsektoren.

5.2 Konkurransetsetting

Vestland fylkeskommune nyttar allereie konkurranse i store deler av tenesteproduksjonen, t.d. innan kollektivsektoren og vegvedlikehald. I den økonomiske situasjonen VLFK er i bør ein vurdere om konkurranseutsetting også kan nyttast i andre deler av tenesteproduksjonen.

Framlegg til vedtak:

Fylkestinget ber om at det innan 30.06.24 vert lagt fram prinsippsak med vurdering av kva tenester som kan eigna seg for konkurranseutsetting i økonomiplanperioden. Ein skal spesielt vurdere tenester der ein kan forventast lågare kostnader og/eller høgare kvalitet i tenesteproduksjonen, samt kor velfungerande marknaden er for dei aktuelle tenestene (tal potensielle leverandørar osv.).

5.3 Ferjeavløysingsprosjekt – Masfjordbrua

Masfjordbrua har vore planlagt over lang tid både i Masfjorden kommune, Hordaland fylkeskommune og Vestland fylkeskommune. Der er no viktig at prosjektgrunnlaget raskt vert oppdatert, og prosjektet klargjort for realisering.

Framlegg til vedtak:

Fylkestinget ber fylkesdirektøren om å prioritera arbeidet med plan- og prosjektgrunnlaget for ferjeavløysingsprosjektet Masfjordsambandet slik at dette kan realiserast snarast råd.

5.4 Gjennomgang av gratis prinsippet i vidaregåande skule

Gratisprinsippet gjeld i hovudsak også for vidaregåande skular. Praksisen knytt til foreldrebetaling knytt til skuleturarar synes likevel å variere mellom skulane i Vestland fylkeskommune.

Framlegg til vedtak:

Fylkestinget ber om ein gjennomgang av korleis foreldrebetaling vert praktisert knytt til skuleturar i dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune.

5.5. OPS-prosjekt for Sotra VGS

Ny vidaregåande skule på Sotra er inntil vidare tatt ut av Økonomiplanen 2024-27. Prosjektet vert å komma attende til i samband med handsaminga av kunnskapsgrunnlaget for framtidig

tilbudsstrukturen for dei vidaregåande skulane i Vestland. Eit OPS-prosjekt kan vera ein alternativ finansieringsmodell både for ny Sotra VGS og evt. andre skular.

Framlegg til vedtak:

Fylkestinget ber om at det vert utgreidd ein alternativ finansieringsmodell med eit OPS-prosjekt for utbygging av ny vidaregåande skule på Sotra.

5.6 Stopp av vidare planlegging av Bybanen BT5 Åsane over Bryggen

I budsjettframlegget frå fylkesdirektøren ligg det inne vidare planlegging av Bybanen byggetrinn 5 til Åsane med trase over Bryggen med 251 mill kr. Dette er midlar finansiert gjennom bompengar, og vi veit allereie no at økonomien i Bypakke Bergen er pressa pga. fall i bompengainntektene. Etter kommunevalet 2023 er det klårt at Bergen kommune skal utgreia tunnelalternativet for bybane til Åsane. I ein slik situasjon bør vidare planlegging og prosjektering av traseen over Bryggen stoppast inntil trasevalet er endeleg avgjort.

Framlegg til vedtak:

Fylkestinget ber om at vidare planlegging og prosjektering av Bybanen BT5 til Åsane vert utsett til endeleg traseval er avklart i Bergen kommune.